

Vestlandsrådet

Årsmelding 2024

Forord

Ny valgperiode, nytt Vestlandsråd og nye moglegheiter

2024 markerte starten på ein ny valperiode for Vestlandsrådet (2023–2027). Sjølv om fleire av rådsmedlemmene har vore med tidlegare og sikrar kontinuitet, har nye representantar kome til og tilfører friske perspektiv og impulsar til samarbeidet.

I det første møtet i den nye samansetjinga gjennomførte vi ein workshop for å drøfte prioriteringar og arbeidsform for perioden. Det vart klart at hovudlinjene i den politiske plattformen blir vidareført frå førre valperiode, med særleg vekt på samferdsel og næringsutvikling. Vi ser eit aukande behov for å adressere utfordringar knytt til energiforsyning og kompetanseutvikling i regionen, som er avgjerande for å sikre berekraftig vekst og verdiskaping.

Eit viktig steg i dette arbeidet var oppdateringa av næringsstrategien, der vi har peika ut tre prioriterte satsingsområde: fornybar energi, reiseliv og lokal matproduksjon, samt havbaserte næringar. Desse områda reflekterer både våre naturlege fortrinn og ambisjonar for framtidig verdiskaping.

Gjennom året har vi òg engasjert oss i nasjonale prosessar, mellom anna ved å løfte fram utfordringar knytt til underfinansiering av ferjedrifta og behovet for vidare planlegging av ferjefri E39. Vi har hatt dialog med stortingsrepresentantar og relevante styresmakter for å fremje våre felles interesser.

Under Arendalsuka 2024 deltok Vestlandsrådet i eit arrangement som fokuserte på hydrogensatsing og kompetansebehov. Dette gav oss høve til å diskutere viktige spørsmål med aktørar frå politikk, næringsliv og akademia, og synte kor viktig det er med samarbeid for å møte framtidens utfordringar.



Eg vil takke alle medlemmane i Vestlandsrådet for engasjementet og innsatsen gjennom året. Saman har vi lagt eit solid grunnlag for vidare samarbeid og utvikling av Vestlandet som ein sterk og berekraftig region.

Med venleg helsing,

Anders Riise
Leiar av Vestlandsrådet 2024
Fylkesordfører i Møre og Romsdal

1. 1 Om Vestlandsrådet

Vestlandsrådet har i 2024 bestått av følgjande medlemmer;

Fylkeskommune	Fast medlem
Møre og Romsdal	Anders Riise, H, Leiar
Møre og Romsdal	Anne Marie Fiksdal, FRP
Møre og Romsdal	Geir Stenseth, FRP
Møre og Romsdal	Randi Walderhaug Frisvoll, KRF
Møre og Romsdal	Line Hatmosø Hoem, A
Møre og Romsdal	Per Ivar Lied, Sp
Rogaland	Ole Ueland, H
Rogaland	Svein Erik Indbjo, FRP
Rogaland	Anne Kristin Bruns, KRF
Rogaland	Kjartan Alexander Lunde, V
Rogaland	Frode Berge, AP
Rogaland	Hanne Marte Vatnaland, SP
Vestland	Jon Askeland, SP
Vestland	Stian Davies, AP
Vestland	Nils-Anders Nøttseter, MDG
Vestland	Silja Ekeland Bjørkly, H
Vestland	Sigbjørn Framnes, FRP
Vestland	Bente Spissøy, INP

Fylkesordfører Anders Riise Møre og Romsdal fylkeskommune, har hatt leiarvervet i Vestlandsrådet i 2024.

Fylkeskommunedirektør Toril Hovdenak, Møre og Romsdal fylkeskommune har innstilt i saker til Vestlandsrådet, og sekretariatet har vore leia av rådgjevar Thomas Finnøy, Møre og Romsdal fylkeskommune. Faste kontaktpersonar i dei andre fylka har vore Kristin Talgø Lund, Rogaland fylkeskommune og Thorbjørn Aarethun, Vestland fylkeskommune.

I 2024 har det vore gjennomført 3 fysisk møte i Vestlandsrådet (eitt møte avlyst) og i Arbeidsutvalet er det gjennomført 6 møter – eitt fysisk og resten digitalt.

2. Viktige saker i Vestlandsrådet 2024

➤ Workshop med tema Vestlandsrådet 2023-2027

Knytt til det første møte i Vestlandsrådet for valgperioden 2023-2027, vart det arrangert ein workshop for rådets medlemmer.

Det ble tatt utgangspunkt i at Vestlandsrådets intensjon er man skal styrke vestlandet saman. Mål for økta var fastsett til å identifisere hva Vestlandsrådet skal prioritere i perioden (Politisk plattform fra 2024) og arbeidsform for dette.

Tema i for workshopen var;

- Finne retning for Vestlandsrådet
- Korleis styrkar vi Vestlandet saman?
- Politisk plattform frå 2024-2027

Som ei innleiing til workshopen heldt tidlegare fast tilsette sekretariatsleiar Trond Ueland eit innlegg om kva han meiner er suksesskriteriar for Vestlandsrådet. Han kom inn på kva saksområde og saker rådet har samarbeidd om tidelegare og korleis dette kan organiserast. Han hadde óg eksemplar frå andre slike samarbeid han trakk fram, frå andre landsdelar men og frå Nederland.

Det var stort engasjement frå deltakarane i workshopen, som baserte seg på fyrst individuelle refleksjonar,



deretter gruppearbeid før framlegging i plenum.

Mange gode moment var trekt fram, og til slutt var det tydelige prioriteringar som kom fram. Oppsummeringa ga følgjande tre prioriterte politiske satsingsområder for Vestlandsrådet i perioden 2023-2027;

1. Arbeide for tilstrekkelege økonomiske rammevilkår for innføring og finansiering av ny nullutsleppsteknologi i ferje- og hutigbåtdrifta.
2. Arbeide for gode rammevilkår og kraftforsyning til det eksportretta næringslivet på Vestlandet, og få fram kunnskap om framtidig behov for kompetanse og andre omstillingsbehov.
3. Arbeide for vidare planlegging og realisering av ferjefri E39

Konklusjon:

Prioriterte saker for Vestlandsrådet i perioden



Workshopen kom óg inn på korleis ein best skal nå ambisjonane, mellom anna organisering av sekretariat og Arbeidsutvalets ansvar for framdrift.

➤ **Politisk plattform 2023-2027**

Vestlandsrådet vedtok å vidareføre den politiske plattformen frå førre valperiode, men ville ha med det som ikkje var med der men som framkom i workshopen i januar.

Altså behov for energi- og kraftforsyning til nye næringsetableringar, samt legge til rette for omstilling og opplæringstilbod til framtidig nytt kompetansebehov i Næringslivet.

Dette vart lagt inn som eige avsnitt under kapittelet om verdiskaping og sysselsetting.

➤ **Endringar i Sekretariatsfunksjonen i 2024**

Faste kontaktpersonar i fylka

Sekretariatsfunksjonen i Vestlandsrådet har vore organisert på forskjellige måtar, der det også har vore ein fast sekretariatsfunksjon.

I dei seinare år har sekretariatsleiar følgd leiar for rådet, altså med skifte årleg. Det har også vore mykje utskifting av personar frå fylka tilknytt sekretariatet, med bl.a. innleie av eksterne ressursar

For å sikre kontinuitet og effektivitet vedtok Vestlandsrådet i 2024 at kvar fylkesdirektør skal peike ut ein fast kontaktperson som er tilknytt rådet på permanent basis. Ordninga med at sekretariatsleiaren følgjer leiaren av Vestlandsrådet blir vidareført, med kontorstad i same fylke. Den faste kontaktpersonen i kvart fylke får ansvar for å ivareta rolla som sekretariatsleiar når leiarskapet ligg i deira fylke. Dei andre kontaktpersonane bidreg til det administrative arbeidet i rådet.

Faste administrative funksjonar

Tidlegare har administrative oppgåver som heimeside, økonomi og dokumenthandtering følgd leiaren av rådet, noko som har ført til årlege overføringar av desse funksjonane mellom fylkeskommunane. Dette har skapt frustrasjon, meirarbeid og manglande kontinuitet, inkludert eit ikkje fullgodt arkivsystem.

For å betre dette vedtok Vestlandsrådet å plassere visse administrative funksjonar fast i fylkeskommunane:

- Økonomifunksjonen vert lagt til Rogaland fylkeskommune
- Dokumenthandtering og arkiv vert lagt til Møre og Romsdal fylkeskommune
- Heimeside og kommunikasjon vert lagt til Vestland fylkeskommune

Desse endringane skal sikre betre struktur, kontinuitet og effektivitet i det administrative arbeidet til Vestlandsråde

➤ **Endringar i Samarbeidsavtalen**

Endringane i sekretariatsfunksjonen med faste administrative funksjonar førte til at det måtte gjerast små endringar i samarbeidsavtalen. Ingen ny tekst var lagt til men eitt kulepunkt i §6 Sekretariat vart sletta og eitt avsnitt i §8 Økonomi – budsjett – rekneskap var og sletta.

➤ **Fleksibilitet i dispensasjonar frå kviletidskrav i beredskapssamband**

Endringar i Sjøfartsdirektoratet si praksis for dispensasjon frå kviletidskrav har fått merkbare konsekvensar for rutetilbodet på fleire fylkesvegferjer, særleg der operatørane tidlegare har hatt dispensasjon frå dei gjeldande reglane.

I møte 11. januar 2024 (sak 08/24) vedtok Vestlandsrådet å be Sjøfartsdirektoratet om å utsetje iverksetjinga av det skjerpa regelverket for kviletid. Dette for å gi tid til at fylkeskommunar, beredskapsaktørar og direktoratet i fellesskap kan finne løysingar som:

- Sikrar at fylkeskommunane kan oppfylle sine lovpålagde oppgåver.
- Gjev innbyggjarar og næringsliv pålitelege og føreseielege tenester.
- Sørgjer for at beredskapsaktørar har tilgang til formålstenleg transport.

For å følgje opp saka har Vestlandsrådet gjennomført to møte med Sjøfartsdirektoratet. Det første møtet fann stad 9. februar 2024, der rådet presenterte utfordringane frå sitt perspektiv. Eit oppfølgingsmøte vart halde i Bergen 22. februar. Partane vart einige om at det er behov for tettare dialog mellom fylkeskommunane, som ansvarlege for offentlege transporttenester, og Sjøfartsdirektoratet som sektormynd. Ein slik dialog er viktig for at direktoratet skal vere kjent med alle relevante omsyn, inkludert tungtvegande samfunnsinteresser, ved utøving av si myndigheit.

Fylkeskommunane understreka at alle involverte partar må arbeide for ei snarleg løysing som sikrar at ferjene går. Ferjedrifta er eit viktig samfunnsoppdrag og skal gjennomførast innanfor rammene for trygge arbeidsvilkår i norsk arbeidsliv.

Det pågår dialog mellom fylkeskommunane om dei utfordringane dette medfører. Oppfølging av utfordringar knytt til enkeltsamband vert handtert av kvar enkelt fylkeskommune.

➤ **Høyringssvar frå Vestlandsrådet til «NOU 2024: 7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringar»**

Vestlandsrådet sin uttale var basert på uttalen frå kvar av dei 3 fylka.

Vestlandsrådet ser positivt på at det er etablert eit nasjonalt utval for å vurdere erfaringane frå EØS-avtalen og andre avtalar Noreg har med EU. Utgreiinga gir eit godt kunnskapsgrunnlag om moglegheitene og utfordringane Noreg står overfor. Rådet oppmodar regjeringa om å sikre finansiering for norsk deltaking i Nordsjøprogrammet i neste programperiode, samt å sikre rask innføring av EØS-lovverk, inkludert Net Zero Industry Act (NZIA) og Critical Raw Material Act (CRMA). Etterslep i innlemminga av EØS-rettsakter, spesielt innan energiområdet, skaper uvisse i samfunnet og ugunstige konkurransevilkår for norsk næringsliv. Vidare støttar rådet forslaget om å raskt avklare EØS-relevansen til uteståande rettsakter og redusere etterslepet av lovgjeving som har tredd i kraft i EU, men som enno ikkje er ein del av EØS-avtalen. Det er avgjerande for norske verksemdar si konkurransekraft at dei får rammevilkår som er på line med aktørar i EU. Norske styresmakter bør vere aktive på alle stadia i utforminga av EU-regelverk. Det er behov for tydelegare rammer og mandat for kommunesektoren si deltaking i EU-samarbeid, både i politikkutforming og prosjektdeltaking. Tilgang til finansierungsordningar i EU, som Horisont Europa, Interreg og Erasmus+, er viktig for regionalt utviklingsarbeid, og regjeringa bør sikre moglegheit for deltaking for norske aktørar. Vestlandsrådet meiner at bruk av nasjonale ekspertar i EU-systemet er viktig for å spreie kunnskap om EU i byråkratiet lokalt, regionalt og nasjonalt. Utlysingar av ekspertstillingar må ikkje utelukka tilsette i fylke og kommunar, og regelverket bør tilpassast slik at det ikkje er til hinder for utreise av ekspertar.

➤ **Oppfølging av næringsstrategien**

Vestlandsrådet sin næringsstrategi er eit verktøy for å forstå og fremje næringslivet sine behov på Vestlandet. Strategien vart opphavleg vedteken i juni 2021 etter ein brei politisk og administrativ prosess i dei tre fylka. PwC hadde oppdraget med å utarbeide både grunnlagsrapporten og sjølv strategien. PwC avslutta oppdraget for tre år sidan, og mykje har endra seg sidan den gong.

Etter drøftingar i Vestlandsrådet i juni 2023 og i rådets konstituerande møte i Ålesund i januar 2024, vart det føreslått ei spissing av næringsstrategien. Dette for å framheve prioriterte og strategiske satsingsområde. I rådets møte 10. april vart desse vedtekne:

- Fornybar energi, inkludert energiberarar og infrastruktur.
- Reiseliv og mat med fokus på lokal produksjon.
- Havbaserte næringar – grøn skipsfart og sjømatnæringane.

Vidare vart det skissert aktuelle aktivitetar i denne valperioden:

- Påverke sentrale avgjerdstakarar gjennom å utøve lobbyverksemd som fremjar felles budskap.
- Utvikle og koordinere samhandlingsplattformer.
- Etablere påverknadsprosjekt for å sikre oppskalering av produksjon av "blått hydrogen" på Vestlandet.

- Kartleggje ferdig tilrettelagde industri- og næringsareal på Vestlandet som teneste for næringslivet.
- Påverke utbygging av nettkapasitet (kraft), redusere behandlingstid for nye konsesjonar, og sikre datakommunikasjonskapasitet på Vestlandet.
- Auke deltakinga frå Vestlandet i offentlege utval.

Desse tiltaka syner ei målretta satsing på å styrkje næringslivet på Vestlandet gjennom fornybar energi, lokal matproduksjon og havbaserte næringar, samt gjennom strategisk påverknadsarbeid og betre infrastruktur.

➤ **Underfinansiering ferjedrifta**

Leiar i Vestlandsrådet deltok 21. oktober 2024 i høyringa til Kommunal- og forvaltningskomiteen om statsbudsjettet for 2025. På vegner av rådet presenterte han ei samla vurdering av den alvorlege underfinansieringa av ferjedrifta på fylkesvegnettet.

Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal er dei tre største eksportfylka i Noreg, med sentrale næringar som maritim industri, sjømat og offshore leverandørverksemd. For desse næringane er eit tilgjengeleg og effektivt transportsystem avgjerande for å oppretthalde konkurransekrafta, uavhengig av om vegnettet er statleg eller fylkeskommunalt. Ferjetenestene er ein berebjelke i denne infrastrukturen.

Over fleire år har det vore rapportert om betydeleg underfinansiering av ferjedrifta, og gapet mellom faktiske kostnader og statlege overføringar aukar år for år. Fylkeskommunane står difor overfor eit vanskeleg val: enten å redusere ferjetilbodet eller å la det gå utover vedlikehaldet av fylkesvegnettet.

For eksportnæringane er det viktigaste at ferjene går – ikkje om det er ei riksvegferje eller ei fylkesvegferje. Likevel ser vi at riksvegferjene i 2025 i snitt får 205 millionar kroner i rammetilskot per samband, medan fylkesvegferjene i Møre og Romsdal får berre 40 millionar kroner per samband. Gratis ferje og reduserte takstar er sjølvstykke viktig for brukarane, men det dekkjer ikkje fylkeskommunane sine kostnader. Konsekvensen kan bli ei gratis ferje som står, og ikkje ei ferje som går. For å sikre eit tilstrekkeleg ferjetilbod utan at andre viktige samfunnsoppgåver vert nedprioriterte, må overføringane til fylkesvegferjene aukast med minst 1 milliard kroner.

Vestlandsrådet støttar krava om nullutslepp i offentlege anbod for ferjetenester, som trer i kraft frå 1. januar 2025. Men vi vil minne om at fylka på Vestlandet har vore pionerar i det grøne skiftet, og har investert store midlar i å utvikle den teknologien som no gjer nullutslepp mogleg. Vestland og Møre og Romsdal har hatt store meirkostnader knytt til miljøtiltak for ferjedrifta. Erfaringar viser at det er ein netto meirkostnad på minst 1500 kroner per tonn CO₂ som vert spart. Dette vil for Møre og Romsdal si side bety ein reduksjon på 40 000 tonn CO₂ i 2025, noko som tilsvarar ein kompensasjon på 60 millionar kroner – 10 millionar meir enn den totale ramma for fordeling mellom fylkeskommunane.

Vestlandsrådet ber difor om at denne ramma vert betydeleg styrka i statsbudsjettet for 2025, og at dei fylka som har vore i front med miljøtiltak, vert kompensert for dei kostnadane dei har teke.

3. Eksterne møter og arrangement

Følgjande eksterne møter og arrangement vart gjennomført i regi av Vestlandsrådet;

➤ Dialogmøte med vestlandsfylka sine Stortingsbenkar om Nasjonal transportplan 2025-2036

Vestlandsrådet inviterte 10. april 2024 dei tre vestlandsfylka sine stortingsbenkar til eit dialogmøte i Oslo for å drøfte Stortinget si handsaming av Nasjonal transportplan (NTP) 2025–2036. Møtet fann stad på Stortorvet Gjæstgiveri og samla 13 av dei 42 inviterte stortingsrepresentantane.



Leiar av Vestlandsrådet, Anders Riise, legg fram utfordringane knytt til NTP i dei tre vestlandsfylka for stortingsrepresentantar frå fylka. Med seg har han til venstre fylkesordførarar Jon Askeland, Vestland og til høgre Ole Ueland, fylkesordførar Rogaland. Foto: Lasse Anke Hansen, Vestland

Under møtet presenterte fylkesordførarane frå Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal dei viktigaste transportpolitiske prioriteringane for landsdelen. Dei peikte særleg på manglande finansiering i NTP-forslaget for opprusting av fylkesvegane, fylkesvegferjedrifta og prosjektet om ferjefri E39.

Fleire stortingsrepresentantar understreka at konseptet ferjefri E39 er sjølve

fundamentet for samarbeidet i Vestlandsrådet. Dei uttrykte uro over at denne satsinga ikkje har fått tilstrekkeleg prioritet i det føreslåtte NTP-opplegget. Det vart derfor framheva som viktig at Vestlandsrådet fungerer som ei tydeleg og samla stemme for auka satsing på fjordkryssingar og realiseringa av ferjefri E39.



Vestlandsrådet vil halde fram med å arbeide for at dei vestlandske transportbehova blir betre ivaretekne i den endelege NTP. Dette inkluderer vidare dialog med stortingsrepresentantar og andre relevante aktørar for å sikre nødvendige investeringar i regionen sin infrastruktur.

➤ **Vestlandsrådet sette satsing på hydrogen på dagsorden under Arendalsveka 2024**

Måndag 12. august 2024 arrangerte Vestlandsrådet, i samarbeid med Rogaland fylkeskommune og Norsk Hydrogenforum, eit debattmøte ombord på fartøyet Rygerelektra under Arendalsuka. Arrangementet, med tittelen «Hydrogen – framtidens energibærar: Kven skal bere den fram?», samla eit breitt spekter av deltakarar frå politikk, næringsliv og akademia.



Debatten fokuserte på dei kompetansebehova som oppstår i samband med den aukande satsinga på hydrogen som energibærar. Det vart peika på behovet for å utvikle utdanningstilbod og etter- og vidareutdanning som møter næringslivet sine krav, samt korleis ein kan sikre tilstrekkeleg rekruttering av kvalifisert arbeidskraft.



Frå venstre Svein Erik Indbjo, fylkesvaraordfører i Rogaland, Stian Davies, fylkesvaraordfører i Vestland og Anders Riise, fylkesordfører i Møre og Romsdal og rådsleiar.

Mellom innleiarane og paneldeltakarane var:
Anders Riise, fylkesordfører i Møre og Romsdal
Stian Jean Opedal Davies, fylkesvaraordfører i Vestland
Svein Erik Indbjo, fylkesvaraordfører i Rogaland
Ingebjørg Telnes Wilhelmsen, generalsekretær i Norsk Hydrogenforum
Hege Økland, administrerende direktør i Hy2gen Nordic AS
Velaug Myrseth Oltedal, førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet
Bjørn Lyngedal, avdelingsdirektør i Vestland fylkeskommune

Arrangementet vart godt besøkt og illustrerte det store engasjementet for hydrogen som ein nøkkelkomponent i det grønne skiftet. Diskusjonen synte eit felles ønske om å styrkje

samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, næringsliv og styresmakter for å møte dei framtidige kompetansebehova i hydrogensektoren.

NORA

På Vestlandsrådets møte 10.09.2024 presenterte Halla Nolsøe Poulsen, direktør i Nordisk Atlantsamarbejde (NORA) kva NORA er og kva dei gjer. NORA er eit regjeringssamarbeid under Nordisk Ministerråds regionalpolitiske samarbeidsprogram som består av Grønland, Island, Færøyene og Kyst-Norge. NORA-landa er knytt saman med bakgrunn i geografisk plassering, felles karakteristikkar, felles utfordringar samt historiske, institusjonelle og kulturelle band.

NORAs formål er å bidra til å gjere Nord-atlanteren til ein betre stad å bo og til å fremme en berekraftig utvikling av regionen. De støtter innovasjon og etableringar i perifere strøk og støttar særleg små aktørar med berekraftige nye løysningar.

Vestlandsrådet har bidratt NORA økonomisk med 100.000 DKK sidan 2010.

Arbeidsutvalet vedtok i møte 27.11.2024 at Vestlandsrådet vert administrativt representert i NORA-komiteen for perioden 2025-2028, og ga fylkeskommunedirektørane i samarbeidsfylka oppdrag med å foreslå eit komitémedlem for Vestlandsrådet for KDD, som utnemner komitémedlemmar for 4 år. Vervet vil normalt rullere mellom fylka.

4. Uttalar og pressemeldingar frå Vestlandsrådet Oppsettet under viser uttalar og pressemelding frå Vestlandsrådet i 2024

Oppsettet under viser uttalar og pressemelding frå Vestlandsrådet i 2024;

Sak	Vedtak	Mottakar	Kopi
Forlenga fleksibilitet i dispensasjonar frå kviletidskrav i beredskapssamband.	11.01.24	Sjøfartsdirektoratet	
Vestlandsrådet i NTP-møte med stortingspolitikarar		Pressemelding etter møtet i Oslo, 11.april 2024.	
NOU 2024:7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringar - høyringsuttale	10.09.24	Utanriksdepartementet	

5. Det var lagt planar for aktivitetar 2025:

Konferanse om ferjefri E-39

Som en del av revitaliseringa av ferjefri E39 blei det vedteke at Vestlandsrådet skal arrangere en konferanse om dette våren 2025. Den leggest opp til ein høgprofilert konferanse i Bergen der topp-politikarar, næringslivsledarar, fagfolk og Stortingsbenkane frå fylka vert invitert.

Arendalsuka

Med bakgrunn i gode erfaringar få arrangementet under Arendalsveka vart det bestemt å ha 2 til 3 arrangement under Arendalsuka 2005.

Heildagsmøte rekruttering maritime næringar

Vestlandsrådet vil inviterer til eit heildags møte i Haugesund 22. januar, der fokuset vil vere rekruttering til dei maritime faga. Vestlandsrådet planlegg å arrangere dette i samarbeid med opplæringskontoret for maritime fag i Haugesund - Maropp - og Maritimt Forum.

Dialog med dei største byane i fylka

Det vart avtalt at det årleg skulle være eit møte med dei største byane i fylka – Bergen, Stavanger og Ålesund. Vi fekk ikkje til dette i 2024, men har avtalt at det blir gjennomført i 2025 og med eitt møte årleg etter dette.

6. Økonomi og rekneskap 2024

Oppsettet under viser rekneskapen for Vestlandsrådet i 2024;

Vestlandsrådet 2024	Inntekter	Utgifter
Ordinær kontingent (kr 600.000,- x 3)	1 800 000	
Kontingent næringsstrategi	1 350 000	
Overførte unytta midlar frå tidlegare år	2 310 288	
Finansinntekter	86 282	
Sekretariat for Vestlandsrådet, Møre og Romsdal fk		1 000 000
Møteutgifter Vestlandsrådet		75 640
Utgifter eksterne møter, Næringstrategien		127 000
Nettsideside, løypande drift (Origin)		34 636
NORA - årleg medlemsavgift		307 180
Prosjektleiing for Vestlandet, Rogaland fk		1 000 000
Finansutgifter		5 850
SUM	5 546 570	2 550 306
Overskot overført til neste periode		2 996 264



Alle dei tre fylkeskommunane yter fast ein like stor sum kvar til drifta av rådet på kr kr 600.000,-.

I tillegg kjem samla årleg tilskot i 2023,2024 og 2025 (perioden oktober 2022 - oktober 2025) på kr 1.350.000,- til prosjektleiing for oppfølging av næringsstrategien. Dette utgjer kr 450.000,- for kvar av fylkeskommunane per år.

NORA: I 2023 ble det betalt kontingent for 2022, mens det i 2024 ble betalt for både 2023 og 2024. Årlig kontingent er DKK 100 000,-